

Kommunalt byggetilskot til Gamleskulen.

01.06.2017



Det er løyvd kr. 70.000,- i kommunalt byggetilskot til Gamleskulen. Dermed kan arbeidet halda ram med ferdigstilling av kjellaren.

På møte i Levekårskomiteen mandag vart det løyvd kr. 70.000,- i byggetilskot til Gamleskulen, byggesteg 2. Vedtaket vart gjort samrøystes slik saka vart lagt fram frå saksførebuar på Kulturkontoret. Byggetilskot er ei tilskotsordning der kommunen etter søknad kan løyva inntil 1/3 av godkjend kostnad med renovering og nybygg av private kulturanlegg. Den totale søknadssummen er kr. 300.000,-

Samla kostnad med å få renovert/ ferdigstilt kjellaren i Gamleskulen er rekna til om lag kr. 900.000,- Byggeprosjektet i denne omgang omfattar nytt kjøken, ventilasjon, to toalett/våtrom, garderobe, nye vindauge, teknisk rom og ferdigstilling av sjølve aktivitetsrommet/møtelokale.

Ved neste utlysing av kommunale midlar, må Uskedal utvikling fornya søknaden før ein vert tildelt nye midlar. I finansieringsplanen er det teke med søknader både til Sparebank Stiftinga og Extrastiftinga. Det er lagt inn dugnad kostnadsrekna til kr. 177.000,- og eigne midlar kr. 200.000,-.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal